Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Tone Bøyum / 55516792 | 16/71048-10 | | 26.04.2018 |

## Løyve - Avkøyrsle - Fv. 413 - Gnr. 99 bnr. 157 og bnr. 73 - Radøy kommune

Vi viser til stadfesting på opparbeidd avkøyrsle datert 19.03.2018.

Av stadfestinga går det fram at avkøyrsla frå fv. 413 til gnr. 99 bnr. 157 og bnr. 73 er ferdig opparbeidd i samsvar med løyvet vårt datert 16.06.2016. I søknaden er det nytta nemninga gnr. 99 bnr. 7, men parsellen er frådelt og har fått nemninga bnr. 157. Den tidlegare avkøyrsla til bnr. 73 er stengt i samsvar med vårt førehandstilsegn, og skal no nytte den opparbeidde avkøyrsla.

På grunnlag av motteken stadfesting og vår kontroll 25.04.2018 gjev vi med dette endeleg godkjenning til bruk av avkøyrsla. Avkøyrsla er godkjent for bruk til tomannsbustad på gnr. 99 bnr. 157 samt for ei bueining på gnr. 99 bnr. 73.

Vi minner om at eigar eller brukar av avkøyrsla sjølv har ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsle* til kvar tid er oppfylt, under dette krav til frisikt (jf. vegloven § 43). Viss krava ikkje er oppfylt, kan Statens vegvesen trekke tilbake løyvet.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppekoordinator

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg:
Prinsippskisse med krav til utforming av avkøyrsle

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :




## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:




**Fv: 413 Hp: 1 Km pel 0,391: Stad: Gnr 99 bnr 7 Ystebø Saksnr: 16/71048**